



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200800678	28.05.2014	37002/2014/S11	Anders Røynstrand, tlf. 71 25 82 90	27.08.2014

Rauma kommune – vassdragskonsesjon - bygging av Slemmås kraftverk - fråsegn ved høyring av konsesjonssøknad

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Det ligg føre ei rekkje konsesjonssøknader i Rauma kommune, og NVE orienterte i e-post 16.7.2014 om «pakkebehandling» av 13 småkraftverk i Rauma og Nesset kommunar. Det er ikkje oppgitt nokon grunn til at Slemmås kraftverk no blir behandla separat, utanfor denne pakka.

Innover Langfjorden er det etter kvart fleire kraftverk som er utbygd eller omsøkt: Åramselva kraftverk og Elgenes kraftverk i Nesset kommune er utbygd etter konsesjonsfritak, i Rauma kommune er Tverås kraftverk er utbygd etter konsesjonsvedtak og konsesjon er gitt for utbygging av Herje kraftverk. I småkraftpakka som vil bli behandla komande inngår Skorga kraftverk, som også vil ligge ved Langfjorden. Dette inneber at nesten alle vassdraga på sørsida av Langfjorden er påverka av kraftutbygging eller søknader om utbygging. Dette må takast med i ei heilskapleg vurdering av konsesjonssøknaden for Slemmås kraftverk.

Fornybar energiproduksjon

Møre og Romsdal fylkeskommune har mål om auka verdiskaping frå fornybar energi, noko som kjem fram i *Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016*, og satsinga Energiregion Møre. Auka lokal produksjon av elektrisk energi er også ei målsetjing for å sikre kraftforsyning i fylket. Det er samstundes eit mål i fylkesplanen at areal- og naturressursane skal forvaltast slik at miljø og artsmangfald vert teke vare på.

Automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid

I konsesjonssøknaden står det ikkje noko om kva konsekvensar tiltaka vil få for eventuelle automatisk freda kulturminne, heller ikkje om korleis ein vil avbøte på stor konflikt. For tema naturmangfald ligg ein grundig analyse til grunn, medan det for

kulturminna ikkje er gjort nokon beskriving eller verdivurdering anna enn at det er sagt at det finst 6 kvernhus i området og at desse ikkje kjem i konflikt med tiltaka.

Det er ikkje sagt noko om når undersøkingsplikta etter kulturminnelova § 9 skal oppfyllest. Oversendinga av søknaden til uttale frå kulturavdelinga i fylkeskommunen er nettopp ein viktig del av dette.

Av inngrep knytt til kraftutbygginga er det nemnt riggområde (0,5 dekar) og røyrager (1 dekar), vegar, rørygater, inntaksdam og kraftstasjon. Kraftstasjon og røyrager blir liggande på innmark rundt 10 moh. Det er registrert ei gravrøys ved nede ved vegen, denne vart utgraven i 1969, utan at det vart gjort store funn. Det er likevel eit visst potensiale for funn i dyrka mark kring gardstunet på gbnr. 153/3.

Detaljplanen i søknaden manglar informasjon om rørygate, men vi finn meir fullstendig kart som figur i rapporten om biologisk mangfald. Kartet viser i grove trekk kor rørygata er planlagt lokalisert, og ut frå kartet ser det ut til at rørygata som føreslått truleg ikkje kjem i direkte eller indirekte konflikt med kjende kulturminne eller kulturmiljø. Det er likevel eit visst potensiale for utmarkskulturminne ikring myra når ein kjem lenger opp mot inntaket. Før vi kan seie noko om omfanget av ei arkeologisk undersøking i medhald av § 9 i kulturminnelova, vil det for oss vere naudsynt med ei synfaring. Eventuelle funn av kulturminne vil kunne påverke konsekvensar av utbygginga for kulturminne/kultur-miljø.

Friluftsliv

Fjellområda mellom Isfjorden og Langfjorden er registrert som eit regionalt viktig friluftsområde. Utbygging av Slemmå kraftverk vil først og fremst påverke skogslia i utkanten av dette friluftsområdet ned mot Langfjorden. Dei mest brukte innfartsårene til friluftsområdet ligg andre stader enn ved Slemmeelva, der friluftslivbruken etter det vi kjenner til er avgrensa til lokal bruk, utan særskilt tilrettelegging.

Landskap

Det er opplyst at Slemmeelva ikkje har fossefall eller markerte stryk som er synlege på avstand. På kort sikt vil nedgraving av røyrtrasé vere det mest markerte landskapsinngrepet knytt til utbygginga. Tilkomst til inntak vil i hovudsak nytte eksisterande skogsbilveg, men inneber også ei planlagt 300 m permanent forlenging som aukar graden av landskapsinngrep i området. Det bør vurderast om denne vegbygginga kan gjerast mellombels, med tilbakeføring til opphavleg terreng etter utbygging.

Utbygginga medfører tap av eit lite areal, 0,17 km² av inngrepsfri natur, sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep). Søknaden synleggjer ikkje dette nærare, og manglar vurderingar kring flytting av inntak for å unngå tap av inngrepsfri natur. Det bør synleggjerast kva for økonomiske/praktiske ulemper for utbygginga ei justering eventuelt inneber, samanlikna med fordelene ved å formelt unngå tap av inngrepsfri natur.

Landskapsverknadene knytt til utbygginga synes å vere avgrensa på lengre sikt. Samstundes bør verknadene vurderast for Langfjorden som heilskapleg fjordlandskap,

som nemnt over. Utbygginga av Slemmå kraftverk vil modifisere eit av dei siste vassdraga på sørsida av Langfjorden som ikkje har inngrep i dag. Sjølv om den visuelle opplevinga i stor skala ikkje blir mykje endra, vil det ha betyding for landskapsopplevinga samla sett om alle vassdrag i området er rørt av inngrep.

Konklusjon

Konsesjonssøknaden har manglar når det gjeld vurderingar knytt til kulturminne og kulturmiljø. Det er behov for ei synfaring for å vurdere behovet for arkeologiske undersøkingar, og eventuelle funn kan endre på konsekvensar av utbygginga.

Vi kan ikkje sjå at utbygginga isolert sett vil ha større verknader friluftslivutøving eller landskapsoppleving, men meiner utbygginga må vurderast i lys av at Slemmeelva er eit av dei siste urørte vassdraga på sørsida av Langfjorden.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røynstrand
rådgivar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Fagsaksbehandlar

Kulturminne og kulturmiljø: arkeolog Kjersti Dahl, tlf. 71 25 88 49

Kopi:

Rauma kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal